



**Statens vegvesen**

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Behandlende eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:  
Region vest Marianne Skulstad / 55516253 19/105323-2 04.06.2019

## **Uttale til dispensasjonssøknad – Gnr. 5 bnr. 83 og 84 – Fløksand – Meland kommune**

Vi viser til søknad om dispensasjon fra LNF-formål for eigedom gnr. 5 bnr. 83 og 84 i Meland kommune. Søknaden gjeld bustadbygging på eigedomene.

### Planstatus og tilkomst til eigedomene

Eigedomane ligg i område regulert til landbruk-, natur- og friluftsområde i Kommuneplanens arealdel. Dei omsøkte eigedomene har tilkomst via privat veg til kommunal veg Fløksand. Det er difor Meland kommune som skal vurdere avkjørsleloyve for eigedomane.

I nærområdet er det ei blanding av fritidseigedomer og bustadhus, som kan indikere at området er i endring til bustadområde. I dispensasjonsvurderinga må ein difor at høgde for at det kan kome fleire tilsvarende saker i området, slik at saka kan skape presedens.

I samband med dispensasjonsvurderinga må ein vurdere om tilhøvet til transportnettet er avklart. I den samanheng må ein også vurdere om krysset mellom kommunal veg Fløksand og fv. 564 Rosslandsvegen er dimensjonert for vidare trafikkauke. Statens vegvesen har ikke vore på synfaring i saka, men basert på kart og vegbilder verkar det å vere dårlege sikttihøve i krysset. Det er i tillegg uklart om dei geometriske tilhøva er i orden.

God sikt er avgjerande for å ivareta trygg ferdsel på vegnettet, og det er difor uheldig med auka trafikk i kryss med dårleg sikt. Bilete viser at det er satt opp speil i kryssområdet for å betre sikt mot venstre. Det er uklart om oppsetting av speilet er avklart med Statens vegvesen. Generelt er vi negativ til å nytte speil som tiltak for betra sikt, mellom anna fordi

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
[firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no)  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

speil gir et fortegnet bilde og det kan ta tid å forstå det. Det kan også komme ut av stilling, samt at det kan vere dugg eller is på det som gjer det vanskelig å få nytte av det. Sikt bør difor sikrast på tradisjonelt vis ved frie siktlinjer i kryssområdet.



### Konklusjon

Statens vegvesen er kritisk til ei dispensasjon frå arealformål utan at tilhøvet til transportnettet er avklart, inkludert tilkomst til overordna vegnett. Etter vår vurdering må tilhøva i kryssområdet gjerast greie for før ein kan ta stilling til dispensasjonssøknaden. Vi finn difor at saka ikkje er tilstrekkeleg opplyst.

Plan og forvaltning Bergen

Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Skulstad Marianne  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*